

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.21

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 2/21. Fjellstyrerekneskapen for 2020

#### **Saksopplysning/vurdering**

Fjellstyret sin årsrekneskap for 2020 ligg føre. Rekneskapen syner inntekter på kr 3.118.931 og utgifter på kr 3.297.664. Det gjev eit årsunderskot på kr 178.734. Til samanlikning var det budsjettert med eit årsunderskot på kr 182.000 dette året, - då var rett nok kostnad med byte av snøskuter tenkt direkte utgiftsført, medan denne i rekneskapen som ligg føre er aktivert og avskriven med 20 % i 2020. Med andre ord er resultatet noko dårlegare enn det som var budsjettert.

Rekneskapen er så langt ikkje revidert. Det kan gjerast etter fjellstyret si handsaming, og revisjonsrapport framleggjast i neste fjellstyremøte. For å få full oversikt over tala i rekneskapen, må ein gå inn i den spesifiserte resultatrekneskapen og i rekneskapsnotane. Notane syner m.a. kva som er refusjonsgjevande arbeid utført av dei tilsette, timekostnaden på dette, og korleis avskrivningane på driftsmiddel er utrekna.

Årsrekneskapen gjev fjellstyret grunnlag for å sjå på kva moglegheiter som ligg i å auka inntektene og spara inn på kostnadene. Dette er eit arbeid som dei tilsette no har begynt å sjå på.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyrerekneskapen for 2020 vert godkjend. Årsunderskotet på kr 178.734 vert dekt av eigenkapitalen.

Fjellstyrekontoret, den 5.2.21

Harald Skjerdal